



Foto: nase.no

Ikke risikere livet

Du må ikke sove

Du må ikke sitte trygt i ditt hjem og si: Det er sørgelig, stakkars dem!
Du må ikke tåle så inderlig vel den urett som ikke rammer dig selv!
Jeg roper med siste pust av min stemme:
Du har ikke lov til å gå der og glemme!

Arnulf Øverland
Utdrag fra diktet Du må ikke sove i samlingen Den røde front (Oslo, Tiden Norsk Forlag, 1937)

‘Det finnes i praksis nesten ingen lovlig vei inn til Schengen for et menneske som vil søke asyl. Når mennesker ikke får tilgang til gyldige reisedokumenter, tvinges de til å ty til smuglere. Selv de som flyktet fra Syria med pass og penger og universitetspapirer, kunne ikke fly til Europa. Hvis det hadde vært mulig for syriske flyktninger å ta et fly fra Damaskus til Europa, eller ferge fra Bodrum til Kos, der billetten koster tjuefem euro, ville de selvsagt ha gjort det og ikke risikert livet i en gummibåt.’

Kristina Quintano,
fra boka ‘Budbringeren fra Helvete’ (2021)

Norges Kristne Råd, Kvekersamfunnet, Rettferdighet i asylpolitikken (RiA),
Internasjonal kvinneliga for fred og frihet (IKFF), Mennesker i Limbo, Dråpen i havet, Awa United.

VERDENS FLYKTNINGDAG 2023

MOT og **STYRKE** er det flyktningene viser oss. De ser seg tvunget til å flykte fra krig, konflikt og forfølgelse, de bryter opp uten å vite hva de går til. Vi vet at fluktrutene er farlige, flyktningene risikerer utnyttelse og overgrep, de risikerer å miste livet. Vi vet at grenser stenges og flyktninger mister retten til å søke asyl. Vi vet at menneskerettighetene står svakt for mennesker på flukt.

Vi krever
EN HUMAN
FLYKTNING-
POLITIKK og
TRYGG
MIGRASJON



HÅP — LANGT HJEMMEFRA

En verden der flyktninger
alltid er inkludert

Se informasjon fra UNHCR om Verdens flyktningdag 20. juni 2023:
<https://www.unhcr.org/world-refugee-day.html>

Foto: UNHCR / Pauline Omagwa

Retten til å søke asyl

Aldri før har det vore så mange menneske på flukt som i dag.

Meir enn 100 millionar menneske har blitt tvinga til å flykte frå krig, konflikt og forfolygging frå Ukraina, Afghanistan, Jemen og andre deler av verda, skriv UNCHR på si nettside.

Kvar dag blir menneske flyktningar. Dei bryt opp frå heiman sine. Dei tek av garde på ei farefull ferd. Ofte i all hast. Kvinner og barn. Unge gutar og menn.

20. juni er Verdas flyktningdag.

I 2000 vedtok generalforsamlinga i FN å opprette ein særskilt dag for flyktningar.

Vi treng Verdas flyktningdag for å minne oss om at retten til asyl er ein grunnleggjande menneskerett.

Det er ein dag for å gje vår støtte til menneska som er på flukt.

Etter at krigen i Ukraina braut ut 24. februar 2022, har mange millionar ukrainarar flykta frå landet. Denne flyktningkrisa har vist oss at vi kan ivareta retten til asyl, vi greier det, vi maktar å ta i mot mange menneske på flukt.

I Noreg i dag blir arbeid med å sende asylsøkarar ut av landet meir vektlagt enn før. Dei fleste dette gjeld, kjem frå sør, frå Iran, Irak, Etiopia, Eritrea, Afghanistan, Somalia.

UDI har fått auka midlar for å intensivere arbeidet med å returnere flyktningar og tilbakekalle løyve om opphald og innvilga statsborgarskap. Straffa er hard for foreldre som bryt utlendingslova, t.d. gjev feil eller misvisande opplysningar i asylintervju. Minst 40 foreldre med barn under 18 år, truleg fleire, har det siste året fått vedtak om utvising. Barn blir hardt ramma når familiar blir splitta og foreldre blir sendt ut av landet.

Ingen veit heilt sikkert kor stor gruppa lengeverande

ureturnerbare asylsøkarar er, papirlause vel å bli fordi dei vurderer det som alt for farleg å dra attende til landet dei kom frå.

Mange flyktningar som kjem til Eurpas grenser endar i leirar, ofte i Hellas, der dei sit fast i årevis avsondra frå omverda, og lever under elendige og uverdige forhold. Mange opplever vald og mishandling. Mottaka som blir bygt stenger menneske inne i leirar som stadig oftare blir omtalte som fengsel. Dei minste får ein barndom der konvensjonars mål om 'barnets beste' ikkje gjeld.

Frå 2014 til i dag har 26 912 menneske drukna i Middelhavet på veg til Europa. Schengenlanda, som Noreg er del av, brukar store ressursar for å hindre at flyktningar når våre grenser. Meir enn før møter batar frå frivillige hjelpeorganisasjonar hindringar i arbeidet med å berge menneske i livsfare. Menneske på flukt dør fordi dei ikkje blir redda i havsnaud.

Til denne dag har ikkje Europa greidd å reformere det europeiske asylsystemet til eit system som tilbyr lovlege ruter for asylsøkarar. Vi har gjort det vanskeleg for menneske på flukt å nå fram til våre grenser og bruke retten til å søke om asyl. Få menneskerettar er i dag så utsette som retten til asyl. Det er ein menneskerett i fritt fall. Men den kan hankast inn att. Om politikarane vil og bestemmer seg for det. Skal asylretten vere ein reell rett i Europa, må flukrutene sikrast og grensene opnast.

Vi ber våre politikarar bruke si makt til å endre dagens system, for å sikre flyktningane sin rett til å søke asyl.

Kanskje kjem den dag då asylsøkarar frå Afrika og Midt-Austen kan gå om bord i eit fly og dra til det landet der dei vil søke asyl? Eller kjøpe seg ein billett og gå om bord i ein båt som er slik laga at den ikkje forliser i Middelhavet.

Du kan være med og hjelpe ved å ...

- skaffe deg kunnskap
- bli medlem eller gi økonomisk støtte til organisasjoner som arbeider for og blant asylsøkere og mennesker på flukt.
- bidra som frivillig i lokale avdelinger i slike organisasjoner



Foto: Norwegian Refugee Council

Aktuelle organisasjoner

NOAS www.noas.no

Flyktninghjelpen www.nrc.no

Kirkens Bymisjon www.kirkensbymisjon.no

Kristent interkulturelt arbeid www.kianorge.no

Kirkens nødhjelp www.kirkensnodhjelp.no

ADRA <https://www.adranorge.no/>

Caritas <https://www.caritas.no/>

Røde Kors <https://www.rodekors.no/>

Dråpen i Havet <https://www.drapenihavet.no/>

Anti-rasistisk senter <https://antirasistisk.no/>

Redd Barna <https://www.reddbarna.no/>

Amnesty Norge <https://amnesty.no/>

Helsingforskomiteen <https://www.nhc.no/>

Leger uten grenser <https://legerutengrenser.no/>

Mennesker i Limbo <https://ilimbo.org/>

Internasjonal kvinneliga for fred og frihet (IKFF) <https://www.ikff.no/>

Rettferdighet i asylpolitikken (RIA) www.riarogaland.wordpress.com

Norges Kristne Råd www.norgeskristnerad.no/ flerkulturelt-arbeid

Vergeforeningen <https://vergeforeningen.no>

Les mer:

<https://missingmigrants.iom.int/region/>

<https://migreat.org/20000-names/309/44000-namen>

